

FORSVARET

Søknad om fritaking for teneste i Forsvaret av overtydingsgrunnar

Dersom du er i teneste, skal du sende søknaden til den militære avdelinga som du tenestegjør ved. Er i Heimevernet, sender du søknaden til ditt HV-distrikt.
Dersom du ikkje er i teneste, skal du sende søknaden til Forsvarets personell- og vernepliktsenter (FPVS). Adressa til FPVS finn du på baksida av denne blanketten.

Personopplysningar

Søkjaren sitt fulle namn:		Personnummer (11 siffer)	
Adresse (folkeregistrert):		Postnummer:	Poststad:
Evt. mellombels adresse:		Postnummer:	Poststad:
Eg er kalla inn til teneste med frammøtedato:	Eg er inne til teneste som starta:		Mobiltelefon:
Tidlegare utført teneste:		E-postadresse:	

Vilkår for å bli fritaken for teneste i Forsvaret av overtydingsgrunnar

Lov 12. august 2016 nr. 77 om verneplikt og teneste i Forsvaret (forsvarsloven) § 35 gir vilkår for å bli fritaken for teneste i Forsvaret av overtydingsgrunnar:

«Vernepliktige skal fritas for teneste i Forsvaret hvis det er grunn til å anta at de ikke kan gjøre teneste uten at det kommer i konflikt med deres alvorlige overbevisning og verdier som er av fundamental betydning for dem.»

Lova krev at du har ei grunnleggjande pasifistisk haldning. Du må vere imot å delta i bruk av våpen/vald mot andre menneskje. Du må også ta avstand frå andre sin bruk av vald og våpen som metode for løysing av konflikhtar. Med unntak av naudverjesituasjonar blir det kravd at denne haldninga er absolutt og gjeld i alle situasjonar. Dette inneber at du også må ta avstand frå at Noreg har eit væpna forsvar.

Du kan også bli fritaken for teneste i Forsvaret dersom du på bakgrunn av eksistensen av masseøydeleggingsvåpen og faren for at desse vil bli tekne i bruk i ein konfliktsituasjon, finn at det er i strid med grunnleggjande verdiar å ta del i det militære forsvaret.

Erklæring

Eg erklærer at eg fyller vilkåra for fritak for militærtjeneste, og søker om fritak for militærtjeneste av overtydingsgrunnar etter forsvarsloven § 35. Eg har lese rettleiinga på baksida av denne blanketten, og forstår kva denne inneber for meg.	
Eg er klar over at eg etter forsvarsloven § 8 plikter å gi Forsvaret opplysningar som har betydning for verneplikten min, og at eg kan bli pålagd å gi munnleg forklaring for dei organa som treffer vedtak i saka, dersom det skriftlege materialet ikkje gir naudsynt avklaring.	
Eg er klar over at denne søknaden ikkje medfører utsetjing med teneste som eg allereie er kalla inn til, sjå forsvarsloven § 37. Dersom søknaden ikkje er innvilga før dato for frammøte, er eg såleis pliktig til å møte til teneste i samsvar med innkallinga, og halde fram i tenesta inntil søknaden om fritak er innvilga. Eg kan ikkje bli heldt tilbake i militær stilling i meir enn 4 veker.	
Eg er klar over at eg ved fritak for teneste i Forsvaret fortsatt er tenestepliktig etter lov 25. juni 2010 nr. 45 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven), og at eg kan bli overført til teneste i Sivilforsvaret.	
Eg er klar over at eg ved å gi uriktig forklaring kan straffast etter straffeloven § 221. Eg er også klar over at dersom eg bryt opplysnings- og meldeplikta gitt i forsvarsloven § 8, kan eg straffast etter forsvarsloven § 66.	
Stad og dato:	Underskrift:

Retten til å nekte teneste i Forsvaret

VERNEPLIKT

Prinsippet om allmenn verneplikt går fram av Grunnlova. Det nærere innhaldet av denne verneplikta er blant anna regulert i forsvarsloven, som seier at norske statsborgarar mellom 19 og 44 år som er skikka til teneste i Forsvaret, har verneplikt. Det same gjeld for personar som oppheld seg i og har en knyting til Norge utan å væra norske statsborgarar, dersom ikkje avtale med det landet som dei er statsborgarar av, er til hinder for det. Den militære verneplikta kan i si ytre konsekvens medføre at den einskilde må ofre livet eller sjølv ta liv for å verne landet mot ytre fiendar.

Vernepliktige som kjem i konflikt med si alvorlege overtving, kan bli fritaken for teneste i Forsvaret etter kapittel 4 i lov 12. august 2016 nr. 77 om verneplikt og tjeneste i Forsvaret (forsvarsloven).

LOVA SI VILKÅR FOR FRITAK

Lova si vilkår for fritak går fram av § 35 i forsvarsloven, sjå tekstboks på blanketten si fyrste side.

Overtvinga må vere fast og alvorleg og gi grunnlag for ein samvettskonflikt. Ei alvorleg overtving kan vere etisk, religiøst eller politisk fundert. Det blir kravd at du har ei grunnleggjande pasifistisk innstilling.

Fritak etter forsvarsloven kapittel 4 blir ikkje gitt av andre årsakar, som til dømes tilhøve av medisinsk, sosial eller velferds-messig karakter.

SØKNADEN/SAKSGANGEN

Søknad om fritak kan tidlegast leggjast fram ved sesjon. Når du ber om det, vil det på sesjon eller ved den militære avdelinga bli gitt opplysningar om moglegheita for å søkje og om framgangsmåten.

Dersom du søkjer medan du er i Forsvaret, skal du sende søknaden til den militære avdelinga som du gjer teneste ved.

Dersom du er i Heimevernet, skal du sende søknaden til HV-distriktet ditt.

Søknaden skal elles sendast til Forsvarets personell- og vernepliktssenter (FPVS).

Søknaden skal leggjast fram på standard søknadsblankett som Forsvaret har utarbeida til dette føremålet.

Dersom du meiner at du fyller vilkåra for fritak, skal du i søknaden skrive under ei erklæring om dette. Dersom du ønskjer det, kan du gi ytterlegare opplysningar på eige ark. Du kan her mellom anna leggje ved utsegner og attestasjonar frå prest, lærar eller andre, som du ønskjer å nytta som prov i saka. Desse opplysningane skal du i så fall leggje ved den søknads-blanketten som du har skrive under på.

Du kan bli pålagd å gi ytterlegare opplysningar i saka. Vanlegvis vil slike opplysningar bli henta inn skriftleg, men du kan bli pålagd å gi munnleg forklaring for vedtaksorgana.

Vedtaksorgana vil normalt hente inn opplysningar frå politiet sine register for å sjå om du har merknader for utøving av vald. Eventuelle merknader vil kunne ha betydning for vurderinga av om du har ei grunnfesta pasifistisk overtving.

Dersom du søkjer medan du er i fyrstegongsteneste, er det vanleg at sjefen for den militære avdelinga tar ei samtale med deg. Meininga med samtala er å sikre at saka er fullstendig med omsyn til faktiske opplysningar og gi den militære avdelinga grunnlag for si påteikning i saka. Du skal også informerast om konsekvensane av søknaden, mellom anna at du kan haldast attende i den militære avdelinga inntil 4 veker, og at du ved fritak for teneste i Forsvaret framleis vil kunne påleggjast teneste i Sivilforsvaret.

SØKNADEN SI VERKNAD FOR INNKALLINGA OG TENESTEN

Ein søknad om fritak for teneste i Forsvaret fører ikkje til automatisk utsetjing av teneste som du er kalla inn til eller gjennomfører.

Er du kalla inn til teneste i Forsvaret, skal du, så lenge du ikkje har fått anna melding frå Forsvaret, møte i samsvar med innkallinga. Du kan bli pålagd å følgje tenesta utan våpen i inntil 4 veker medan søknaden blir behandla.

Har du møtt til teneste, kan du haldast attende ved militær avdeling i inntil 4 veker medan søknaden blir behandla. Du kan i denne perioden bli pålagd å følgje tenesta utan våpen.

HØVE TIL Å KLAGE

Dersom Forsvaret gir deg avslag på søknaden om fritak for militærtjeneste, kan du innan 3 veker klage over vedtaket.

Klagen skal sendast til Forsvaret ved FPVS, og vil bli behandla av Justis- og beredskapsdepartementet dersom Forsvaret held avslaget ved lag.

RETUR TIL FORSVARET

Dersom du er fritaken for teneste i Forsvaret av overtvingssgrunnar, kan du søkje deg attende til Forsvaret. Slik søknad skal sendast Forsvaret ved FPVS for avgjerd.

INFORMASJON

Søknad om fritak for teneste i Forsvaret av overtvingssgrunnar skal sendast til:

Forsvarets personell- og vernepliktssenter (FPVS), postboks 800, postmottak, 2617 Lillehammer.

Ynskjer du meir informasjon, sjå www.forsvaret.no

Der kan du og stille spørsmål om det er noko du lurar på.

Du kan og kontakte Justis- og beredskapsdepartementet:

www.regjeringen.no/jd
postmottak@jd.dep.no

Postadresse:

postboks 8005 Dep., 0030 OSLO